



Travle tider med dekkskift for JH Service framover.

Sjølv om mange ventar til påska er over med å skifta frå vinterdekk til sommardekk, er det travle tider hos JH Service i Uskedalen. Johannes Hjønnvåg starta med firmaet for vel eit år sidan, og han driv det ved sida av 80% stilling hos Palfinger. Firmaet har spesialisert seg på salg av felgar og dekk.

Akkurat no er det skifting frå vinter- til sommardekk det går i. Han fortel at det er god pågang. Han har ein god del dekk på lager, og dersom han ikkje har dei rette dekk inne, skaffar han dei kjapt. Han lovar at han har gode tilbod både på felgar og dekk. Han tilbyr også dekkhotel. Det har vore populært, men han har framleis plass til fleire. Det er ein fin måte å spara at dekk tar plass heime. I tillegg er ein sikra vask og godt stell av hjula.

JH service held til i kjellaren i Samyrkelagsbygget i Uskedalen, under Zjakk frisørsalong. Med god service og gode tilbod sentralt i kommunen kjem kundane frå heile Kvinnherad; - både utante og innante. Dette vart understreka då uskedalen.no var innom. Då var først ein kunde frå Seimsfoss før det kom ein frå Valen. Deretter venta han faktisk ein frå Stord.

JH Service har eiga facebook-side.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.